

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

# Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet

Dato	FOR-2020-12-16-3215
Departement	Kunnskapsdepartementet
Ikraftsetjing	01.01.2021
Endrar	FOR-2016-01-06-10
Gjeld for	Noreg
Heimel	LOV-2005-04-01-15-§3-3, LOV-2005-04-01-15-§3-9
Kunngjord	12.01.2021 kl. 16.15
Korttittel	Forskrift for graden ph.d. ved Nord universitet

## Kapitteloversikt:

Del I. Innleiande vilkår (§§ 1 - 5)

Del II. Opptak (§§ 6 - 7-7)

Del III. Gjennomføring (§§ 8 - 12-3)

Del IV. Fullføring (§§ 13 - 20-2)

Del V. Fellesgrader og cotutelle-avtalar (§§ 21 - 21-4)

Del VI. Klage, ikraftsetjing og overgangsvilkår (§§ 22 - 24)

**Heimel:** Fastsett av styret ved Nord universitet 16. desember 2020 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) § 3-3 og § 3-9.

## Del I. Innleiande vilkår

### § 1. Verkeområde for forskrifta

Denne forskrifta gjeld all utdanning som fører fram til graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet. Forskrifta regulerer opptak til, gjennomføring og avslutning av ph.d.-utdanninga, under dette fellesgrader og cotutelle.

For andre vilkår som regulerer tilhøve knytte til ph.d.-graden, visast det til den til ei kvar tid gjeldande lov om universiteter og høyskoler, Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat, forskrift om grader og beskyttede titler, Kunnskapsdepartementet si forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning, NOKUT si forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning, lov om organisering av forskningsetisk arbeid og European Charter for Researchers & Code of Conduct for the Recruitment of Researchers, samt forskrift om studium og eksamen ved Nord universitet.

## **§ 2. Omgrep**

Graden blir frå no av også omtala som *vitskapleg ph.d.* eller *doktorgrad*.

Omgrepa *doktorgradsarbeidet* og *prosjektet* nyttast om det arbeidet som gjerast innanfor avtalt periode mellom oppstart og avslutning, opplæringsdelen ikkje medrekna.

Omgrepet *vitskapleg avhandling* eller *avhandlinga* kjenneteiknar resultatet av det vitskaplege doktorgradsarbeidet, jf. § 11-1.

## **§ 3. Målsetjing for doktorgradsutdanning og tildeling av grad**

### **§ 3-1. Målsetjing, omfang og innhald**

Doktorgradsutdanninga skal kvalifisere for forskingsverksemd av internasjonal standard og for anna arbeid i samfunnet der det stillast store krav til vitskapleg innsikt og analytisk tenking, i samsvar med god vitskapleg skikk og etiske standardar.

Doktorgradsutdanninga skal gje kandidaten kunnskap, ferdigheiter og kompetanse i tråd med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

Doktorgradsutdanninga er normert til tre (3) års fulltidsstudium og inkluderer ein opplæringsdel med omfang på minimum 30 studiepoeng. Fakulteta kan bestemme at opplæringsdelen skal utgjere meir enn 30 studiepoeng.

Den viktigaste komponenten i doktorgradsutdanninga er eit sjølvstendig arbeid innan forskning eller kombinert forskings- og utviklingsarbeid som gjennomførast under aktiv rettleiing.

### **§ 3-2. Tildeling av vitskapleg doktorgrad**

Ph.d.-graden tildelast på grunnlag av:

- Godkjend vitskapleg avhandling, jf. § 11-1
- Godkjend gjennomføring av opplæringsdelen, jf. § 9-1
- Godkjend prøveforelesing over oppgjeve emne, jf. § 18-1
- Godkjent offentlig forsvar av den vitskaplege avhandlinga (disputas), jf. § 18-2.

#### **§ 4. Ansvar for doktorgradsutdanninga**

Styret ved Nord universitet har det overordna ansvaret for doktorgradsutdanninga.

Ansvar for gjennomføring av doktorgradsutdanninga er delegert til fakulteta innanfor deira respektive fagområde. Fakulteta som forvaltar doktorgradsprogrammet vedtek studieplanen og emneskildringane.

Rektor kan fastsetje utfyllande retningslinjer for dei respektive doktorgradsprogramma, såframt desse ikkje er i strid med denne forskrifta.

Den programansvarlege for doktorgradsprogrammet må sjølv ha ein doktorgrad innanfor relevant fagområde.

#### **§ 5. Kvalitetssikring**

Doktorgradsutdanninga omfattast av kvalitetssikringssystemet til Nord universitet. Fakulteta skal kvalitetssikre doktorgradsutdanninga i tråd med desse.

## **Del II. Opptak**

#### **§ 6. Opptak**

##### **§ 6-1. Vilkår for opptak**

For opptak til ph.d.-utdanninga må søkjaren normalt ha vitenskapleg mastergrad på 120 studiepoeng eller tilsvarende, jf. forskrift om krav til mastergrad § 3 og skildringane i den andre syklusen i kvalifikasjonsrammeverket. Søklar skal normalt ha karakter B eller betre i vekta snitt på høgare grad.

Nord universitet kan etter særskild vurdering godkjenne anna likeverdig utdanning som grunnlag for opptak.

Privat finansiering som eigne eller familien sine midlar eller liknande, akseptert normalt ikkje som tilsvarende finansiering for opptak til den organiserte forskarutdanninga, jf. § 6-2.

Fakulteta kan stille ytterlegare krav til kvalifikasjonar etter kriterium som er opne tilgjengelege og i tråd med gjeldande rekrutteringspolitikk og faglege profil.

##### **§ 6-2. Krav til søknaden**

Søknaden skal innehalde:

- Dokumentasjon for den utdanninga og dei kvalifikasjonane som skal liggje til grunn for opptaket.
- Prosjektskildring som omfattar:
  - fagleg utgreiing for prosjektet
  - utgreiing om kva løyve frå forskningsetiske komitear og/eller andre styresmakter som er påkravde for å gjennomføre prosjektet
  - framdriftsplan
  - finansieringsplan for gjennomføring av prosjektet
  - dokumentasjon av spesielle behov for faglege og materielle ressursar
  - eventuelle planar for opphald ved annan institusjon
  - plan for formidling av resultat

- opplysningar om eventuelle immateriellrettslege restriksjonar for å verne rettane til andre.
- Det skal gå fram av prosjektskildringa om prosjektet er avhengig av løyve frå forskningsetiske komitear eller andre styresmakter eller frå private (informantar, pasientar, foreldre etc.). Slike løyve bør om mogleg leggjast ved søknaden.
- Prosjektet skal ha ein datahandteringsplan.

Søknaden bør innehalde:

- Plan for opplæringsdelen, under dette opplæring som er retta mot generell kompetanse i samsvar med kvalifikasjonsrammeverket.
- Framlegg til minst ein rettleiar, samt oppgjeving av tilknytning til aktivt forskingsmiljø.
- Kva språk avhandlinga skal skrivast på, jf. § 11-1.
- Utgreiing for eventuelle rettslege og etiske problemstillingar som prosjektet reiser og korleis desse kan avklarast.

Nord universitet kan fastsetje krav til ytterlegare dokumentasjon. Søknaden skal innehalde oversikt over relevante publikasjonar samt oversikt over eventuelle emne som ein ønskjer innpassa i opplæringsdelen.

Nord universitet kan fastsetje residensplikt.

### **§ 6-3. Infrastruktur**

Kandidaten skal ha nødvendig infrastruktur for gjennomføring av forskingsprosjektet til disposisjon. Avgjerda av kva som reknast som nødvendig infrastruktur for gjennomføring, takast av fakultetet. For kandidatar med ekstern finansiering eller arbeidsplass, blir det inngått avtale mellom Nord universitet og ekstern part i samband med det enkelte forskingsprosjektet. Slik avtale skal som hovudregel liggje føre på det tidspunktet opptaksvedtaket for den aktuelle kandidaten gjerast, eller straks etterpå.

### **§ 6-4. Opptaksvedtak**

Det skal normalt søkast om opptak til doktorgradsutdanning innan tre (3) månader etter finansieringsstart.

Om det gjenstår mindre enn eitt (1) års fulltidsarbeid med prosjektet ved søknadstidspunktet, skal søknaden avvisast.

Vedtaket om opptak baserast på ei samla vurdering av søknaden og under føresetnad av at fakultetet har rettleiarkapasitet. Fakultetet kan fastsetje kriterium for rangering mellom kvalifiserte søkarar når talet på søkarar er høgare enn opptakskapasiteten.

I vedtaket skal minst ein rettleiar oppnemnst, ansvaret for handtering av andre behov som er skisserte i søknaden plasserast, og avtaleperioden fastsetjast med startdato og sluttdato. Startdato setjast normalt lik startdato for finansiering.

Opptak kan nektast om:

- avtalar med ekstern tredjepart er til hinder for offentleggjering og offentlig forsvar av avhandlinga
- dei immateriellrettslege avtalar som er gjorde er så urimelege at Nord universitet ikkje bør medverke i prosjektet
- søkjaren ikkje vil kunne oppfylle kravet om at minimum eitt år av prosjektet skal gjennomførast etter at vedkomande er teken opp til ph.d.-utdanninga.
- finansieringa ikkje er tilfredsstillande for å kunne gjennomføre prosjektet.

### **§ 7. Doktorgradsavtalen**

### **§ 7-1. Partner for avtalen**

Opptak til doktorgradsutdanning ved Nord universitet formaliserast gjennom ein skriftleg avtale innanfor rammene av standardavtalen for opptak vedteken av Nord universitet. Avtalen underskrivast av kandidaten, rettleiar(ar) og fakultetet kandidaten er teken opp ved. Avtalen regulerer rettane og pliktene til partane i opptaksperioden og skal sikre at kandidaten deltek regelbunde i eit aktivt og relevant forskingsmiljø. Avtalen skal leggje til rette for at utdanninga kan gjennomførast til avtalt tid.

For kandidatar med finansiering frå, tilsetjing hos eller andre bidrag frå ein ekstern part, skal det, i tråd med fastsette retningslinjer, blir det inngått eigen avtale mellom kandidaten, Nord universitet og den eksterne parten.

I tilfelle der kandidaten skal ha tilknytning til utanlandske institusjonar, må retningslinjene til Nord universitet for slikt samarbeid følgjast. Eigen avtale blir inngått på fastsett skjema. Avtalen skal normalt liggje føre saman med opptaksavtalen.

### **§ 7-2. Avtaleperiode**

Avtaleperioden er den same som finansieringsperioden, og er tre år for fulltidsstudium eller fire år ved 25 % arbeidsplikt. Nord universitet kan treffe føresegner om maksimaltid for gjennomføring utanom lovfesta permisjonar og pliktarbeid.

Ved lovheimla avbrot forlengast avtaleperioden tilsvarande.

Fakultetet kan forlenge avtaleperioden etter grunngeven søknad. Ved innvilga forlenging kan fakultetet setje ytterlegare vilkår. Eventuell forlenging av avtaleperioden må relaterast til rett som arbeidstakar eller avklarast spesielt i høve til finansieringsgrunnlaget til kandidaten.

Etter at avtaleperioden er over fell rettane og pliktene til partane i samsvar med ph.d.-avtalen bort, slik at ph.d.-kandidaten kan miste retten til rettleiing, kursdeltaking og tilgang til infrastrukturen til Nord universitet. Kandidaten kan likevel søkje om å bli vurdert for doktorgraden.

Maksimal studietid er seks år frå starttidspunkt til innlevering av avhandling til vurdering. Lovfesta permisjonar, lengre sjukefråvær og pliktarbeid reknast ikkje med i dei seks åra. Det kan stillast reglar som har strengare krav til progresjon under studieløpet i dei utfyllande reglane til doktorgradsprogrammet.

### **§ 7-3. Frivillig avslutning før avtalt tid**

Kandidaten og fakultetet kan avtale at doktorgradsutdanninga avsluttast før avtalt tid. Ved slik avslutning skal det fastsetjast skriftleg korleis spørsmål knytte til eventuelle tilsetjingstilhøve, finansiering, rettar til resultat osv. skal ordnast.

Ved frivillig avslutning som skyldast kandidaten sitt ønske om å skifte prosjekt eller overgang til anna program, skal kandidaten søkje nytt opptak på grunnlag av det nye prosjektet.

Ei avhandling som er utarbeidd under organisert rettleiing i eit doktorgradsløp ved Nord universitet, eller andre institusjonar i Noreg, kan ikkje leverast inn til vurdering som ein fri doktorgrad/dr.philos.

#### **§ 7-4. Tvungen avslutning ved forseinking eller manglande framdrift eller stans av finansiering**

Når eitt eller fleire av dei følgjande vilkåra er oppfylt(e), kan ansvarleg fakultet vedta tvungen avslutning av doktorgradsutdanninga:

- Vesentleg forseinking i gjennomføringa av opplæringsdelen.
- Gjentekne eller vesentlege brot frå kandidaten si side på informasjons-, oppfølgings- eller rapporteringsplikt, under dette unnlate innsending av framdriftsrapport, jf. § 10-1.
- Forseinking i framdrifta av forskingsprosjekt som er av ein slik art at det skaper grunngeven tvil om kandidaten vil kunne fullføre prosjektet innanfor avtalt tid.
- Om finansieringa fell bort undervegs i perioden kan dette føre med seg tvungen avslutning.

Tvungen avslutning etter reglane her kan berre vedtakast om framdriftssvikten eller forseinkinga skyldast tilhøve som ph.d.-kandidaten sjølv rår over.

Om ph.d.-stipendiaten er tilsett ved Nord universitet kan avtalen berre avsluttast om vilkåra for oppseiing eller avskjed i tjenestemannsloven er oppfylte.

Vedtak etter denne paragrafen fattast av fakultetet. Klagar behandlast av klagenemnda ved Nord universitet.

#### **§ 7-5. Tvungen avslutning ved fusk på eksamen eller prøvar.**

Ved fusk på eksamenar eller prøvar undervegs i ph.d.-utdanninga, kan Nord universitet vedta annullering, jf. universitets- og høyskoleloven.

Vedtak etter paragrafen her fattast av styret sjølv eller av klagenemnda ved Nord universitet. Klagar behandlast av klagenemnda for studentsaker, jf. universitets- og høyskoleloven og forskrift til denne.

Om tilhøvet eller tilhøva er så alvorlige at det er å rekne som uærlegdom, jf. universitets- og høyskoleloven og forskningsetikkloven, kan Nord universitet vedta tvungen avslutning, jf. § 7-6.

Brot på dei forskningsetiske retningslinjene som gjeld for fagområde kan føre med seg tvungen avslutning.

#### **§ 7-6. Tvungen avslutning ved uærlegdom**

Om ein kandidat gjer seg skyldig i uærlegdom, jf. universitets- og høyskoleloven og forskningsetikkloven, kan Nord universitet vedta tvungen avslutning.

Vedtak om tvungen avslutning på grunn av uærlegdom fattast av det organet som universitetsstyret bestemmer. Klage over slikt vedtak behandlast av departementet eller særskild klagenemnd oppnemnd av departementet.

#### **§ 7-7. Oppseiing og avskjed**

Ein stipendiat kan seiast opp frå stillinga si når det er sakleg grunn i verksemda eller doktorgradskandidaten sitt tilhøve, jf. s tatsansatteloven § 19 og § 20, eller gje avskil i samsvar med § 26.

### **Del III. Gjennomføring**

## **§ 8. Rettleiing**

### **§ 8-1. Oppnemning av rettleiarar**

Arbeidet med doktorgradsprosjektet skal skje under individuell rettleiing. Fakultetet og rettleiarane skal saman sikre at ph.d.-kandidaten deltek i eit aktivt forskingsmiljø.

Kandidaten skal som hovudregel ha minst to rettleiarar, der éin oppnemnast som hovudrettleiar. Hovudrettleiar bør vere oppnemnt på opptakstidspunktet.

Hovudrettleiaren har det faglege hovudansvaret for kandidaten si faglege utvikling og gjennomføring i samsvar med framdriftsplanen. Om fakultetet peikar ut ekstern hovudrettleiar, skal det peikast ut medrettleiar frå Nord universitet.

Medrettleiar(ar) er fagperson(ar) som deler det faglege ansvaret for kandidaten med hovudrettleiar.

Habilitetsreglane i andre kapittel i forvaltningslova «Om ugildhet», § 6, gjeld for rettleiarane.

Alle rettleiarar skal ha doktorgrad eller tilsvarande vitenskapleg kompetanse og vere aktive forskarar innan fagfeltet.

Minst éin av dei oppnemnde rettleiarane skal ha tidlegare erfaring frå eller opplæring som rettleiar av ph.d.-kandidatar.

Kandidat og rettleiar kan be fakultetet om å nemne opp ny rettleiar for kandidaten. Rettleiar kan ikkje fråtre før ny rettleiar er oppnemnt. Tvistar om dei faglege rettane og pliktene til rettleiar og kandidat kan bringast inn av partane til behandling og avgjerd ved fakultetet.

### **§ 8-2. Innhaldet i rettleiinga**

Kandidat og rettleiarar bør ha jamleg kontakt. Kontakthypigheita bør gå fram av den årlege framdriftsrapporteringa, jf. § 10-1.

Kandidat og hovudrettleiar bør snarast mogleg og seinast innan tre (3) månader etter oppstart saman gå igjennom projektskildringa og vurdere eventuelle behov for justeringar. Endringar i projektskildringa skal godkjennast av fakultetet.

Rettleiarar skal gje råd om avgrensing av tema og problemstillingar og vurdere metodar og resultat, under dette dokumentasjons- og framstillingsformer, og bidra til orientering i aktuell fagleg diskurs. Kandidaten skal ha rettleiing i etiske spørsmål knytte til doktorgradsarbeidet.

Rettleiarane pliktar å halde seg orienterte om framdrifta i kandidaten sitt arbeid og vurdere henne i samsvar med framdriftsplanen til projektskildringa, jf. § 6-2.

Rettleiarane pliktar å følgje opp faglege tilhøve som kan føre med seg forseinka gjennomføring av forskarutdanninga, slik at denne kan fullførast innanfor normert tid.

## **§ 9. Opplæringsdel**

## **§ 9-1. Føremål, innhald og omfang**

Doktorgradsutdanninga skal vere lagt opp slik at ho skal kunne fullførast innanfor normert tidsramme.

Fakultetet har ansvar for at opplæringsdelen og arbeidet med prosjektet til saman gjev utdanning på høgt fagleg nivå i samsvar med internasjonal standard. Trening i formidling av resultat og innføring i etikk, teori og metode inngår som del av dette. Opplæringa skal saman med doktorgradsarbeidet bidra til oppnåing av forventa læringsutbytte i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

Fakultetet bør tilby ph.d.-kandidaten rettleiing om framtidige yrkesmoglegheiter i og utanfor academia, under dette medvitsgjering om den kompetansen som kandidaten har oppnått gjennom doktorgradsarbeidet.

Om Nord universitet ikkje sjølv arrangerer heile opplæringsdelen, skal tilhøva leggjast til rette for at kandidaten får tilsvarende opplæring ved andre institusjonar.

Opplæringsdelen skal svare til minst 30 studiepoeng, av desse skal minst 20 studiepoeng avleggjast etter opptak. I dei utfyllande retningslinjene for doktorgradsprogramma kan det fastsetjast større opplæringsdel, jf. studieplan.

Element som er tekne før opptak i ph.d.-programmet kan etter søknad og fagleg vurdering inngå i opplæringsdelen. Elementa bør ikkje vere eldre enn to (2) år ved opptaksdato.

Kurs på doktorgradsnivå ved annan institusjon skal godkjennast i samsvar med reglane i universitets- og høyskoleloven.

## **§ 9-2. Tilknytning til fagmiljø**

Det føresetjast at kandidaten skal bidra i universitetet sitt fagmiljø, til dømes gjennom faglege aktivitetar som seminar, workshops og forskings- og formidlingsoppgåver. Fakultetet og rettleiar skal systematisk følgje opp aktivitetane slik at kontakten med fagmiljøet planleggjast og ivaretakast.

## **§ 9-3. Rettane til kandidaten ved permisjon**

Kandidatar som har foreldrepermisjon frå doktorgradsutdanninga, kan likevel under permisjonstida følgje undervising og avleggje eksamenar i emne og kurs som skal inngå i opplæringsdelen, i tråd med lov om folketrygd (folketrygdlova), kapittel 14, § 14-10 fjerde ledd og NAVs rundskriv 18. desember 2006 (R14-00) til § 14-10 fjerde ledd.

Kandidatar med ekstern arbeidsgjevar pliktar å sjå til at fakultetet blir informert om permisjonar, omfang av pliktarbeid og anna som er relevant for framdrifta i doktorgradsarbeidet.

## **§ 10. Rapportering og midtvegsevaluering**

### **§ 10-1. Rapportering**

Nord universitet sitt system for kvalitetssikring av utdanninga skal omfatte tiltak for å avdekkje manglande progresjon i arbeidet med prosjektet og opplæringsdelen og manglar ved rettleiinga, samt ha rutinar for å følgje opp avdekte manglar. Systemet skal normalt omfatte årleg og separat rapportering frå kandidat og rettleiar, og det skal utformast slik at ein unngår dobbeltrapportering.



Kandidat og rettleiar har eit likeverdig ansvar for rapportering. Manglande eller mangelfull framdriftsrapportering frå kandidaten kan medføre tvungen avslutning før avtaleperioden går ut, jf. § 7-4. Rettleiarar som unnlet å følgje opp rapporteringsplikta, kan bli fråtekne rettleiaransvaret.

Betydelege endringar i godkjend prosjektskildring skal på nytt godkjennast av fakultetet. Fakultetet kan ved behov, krevje særskild rapportering.

## **§ 10-2. Midtvegsrapportering**

Ei midtvegsrapportering av doktorgradsarbeidet bør normalt skje i tredje eller fjerde semester. Kandidaten skal presentere arbeidet sitt og bli evaluert av ei gruppe på minst to personar oppnemnde av fakultetet. Evalueringsgruppa skal ta stilling til fagleg status, framdrift og forskingsetiske spørsmål, skal gje tilbakemelding til både kandidaten, rettleiaren og fakultetet.

Om evalueringsgruppa rapporterer om vesentlege svake sider ved doktorgradsarbeidet, skal det setjast i verk tiltak for å korrigere situasjonen.

## **§ 11. Krav til den vitskaplege avhandlinga**

### **§ 11-1. Krav til avhandlinga**

Avhandlinga skal vere eit sjølvstendig forskingsarbeid eller forskings- og utviklingsarbeid som oppfyller internasjonale standardar med omsyn til etiske krav, fagleg nivå og metode innan fagområdet.

Avhandlinga skal bidra til å utvikle ny fagleg kunnskap og liggje på eit nivå som tilseier at ho kan publiserast eller offentleggjerast i eigna format som ein del av faget si forskingsbaserte kunnskapsutvikling.

Avhandlinga kan bestå av ein monografi eller ei samanstilling av fleire mindre arbeid. Om avhandlinga består av fleire mindre arbeid, skal det gjerast greie for samanhengen mellom dei i kapp.

Om avhandlinga hovudsakleg består av artiklar, skal kandidaten normalt vere førsteforfattar på minst halvparten av artiklane. Om det praktiserast alfabetisk forfatarrekkefølge skal kandidaten ha utført minimum 50 prosent av arbeidet med minst halvparten av artiklane. Det skal fastsetjast krav til talet på artiklar og kapp i utfyllande retningslinjer for doktorgradsprogrammet.

Hovudkomponenten i den vitskaplege avhandlinga kan bestå av eit nytt produkt eller ei systematisert materialsamling, eller ha ei anna framstillingsform (til dømes lyd, bilete, video, elektroniske framstillingsformer) der det teoretiske og metodiske grunnlaget for avhandlinga ikkje går fram av produktet sjølv. I slike tilfelle skal avhandlinga, i tillegg til å framstille sjølve produktet, ha ein tilleggsdel. Tilleggsdelen skal vere ei skriftleg utgreiing for problemstilling, val av teori og metode, og vurdering av resultatet i samsvar med internasjonale standardar og fagleg nivå innan fagområdet.

Avhandlinga skal vere skriven på norsk, svensk, dansk eller engelsk. Om det er ønske om å bruke eit anna språk, må det søkast om særskilt løyve til dette ved søknad om godkjenning av prosjektskildringa, jf. § 6-2. Det fakultetet som har ansvar for vurderinga, gjer vedtak om dette.

## **§ 11-2. Fellesarbeid**

Fakultetet bestemmer om ei avhandling som er produsert av fleire i fellesskap, kan leverast inn til vurdering om dei individuelle bidraga kan identifiserast.

For arbeid som er blitt til i samarbeid med fleire samarbeidspartnarar eller medforfattarar, skal kandidaten følge dei normene for kreditering av medverknad som er ålment aksepterte i fagmiljøet, i samsvar med internasjonale standardar.

Om avhandlinga eller delar av henne er blitt til i samarbeid med andre forfattarar eller samarbeidspartnarar, skal ph.d.-kandidaten følge dei normene for medforfatterskap som er ålment aksepterte i fagmiljøet og i samsvar med internasjonale standardar.

Med avhandlingar der det inngår bidrag frå fleire, skal det følgje ei underskriven erklæring som skildrar kandidaten sin innsats i kvart enkelt arbeid. Erklæringa, signert av alle bidragsytarar, sendast over til vurderingskomiteen saman med avhandlinga.

## **§ 11-3. Arbeid som ikkje godtakast**

Arbeid eller delar av eit arbeid som har vore godtekne som grunnlag for tidlegare avlagde eksamenar eller grader, kan ikkje takast opp til vurdering med mindre arbeidet inngår som mindre delar av avhandlinga. Data, analysar eller metodar frå tidlegare grader kan likevel nyttast som grunnlag for arbeid med prosjektet.

Fagleg arbeid publisert før opptak i programmet kan inngå i avhandlinga etter søknad og fagleg vurdering. Bruk av offentleggjorde arbeid som er eldre enn fem (5) år ved opptakstidspunktet, kan ikkje godtakast. Fakultetet kan etter søknad og fagleg vurdering, dispensere frå dette kravet om ekstraordinære tilhøve tilseier det.

Avhandlinga kan leverast inn for vurdering ved berre ein lærestad.

## **§ 12. Rettar til bruk av resultat**

### **§ 12-1. Bruk av avhandling i undervisnings- og forskarverksemd**

Nord universitet kan vederlagsfritt nytte dei delane av ph.d.-avhandlinga som ph.d.-kandidaten åleine har opphavsrett til, samt andre faglitterære verk som er resultatet av arbeidet med avhandlinga, og som kandidaten åleine har opphavsrett til, ved framstilling av kopiar til bruk i undervisnings- og forskarverksemda til Nord universitet. For kandidatar som ikkje tilsetjast ved Nord universitet, blir det inngått ein eigen avtale om tilsvarende bruk. Ved slik bruk skal ph.d.-kandidaten namngjevast slik lovgjeving og god skikk tilseier.

### **§ 12-2. Meldeplikt om arbeidsresultat som har potensial for næringsmessig utnytting.**

Regulering av rettar mellom Nord og samarbeidande institusjonar må avtafefestast. Dette gjeld også avtalar som er gjorde på fakultetsnivå.

Nord universitet sitt til ei kvar tid gjeldande regelverk skal danne utgangspunkt for kva slags meldeplikt kandidatar med tilsetjing ved universitetet har for arbeidsresultat med næringsmessig potensial som gjerast i arbeidstilhøvet, jf. arbeidstakeroppfinningsloven 17. april 1970 nr. 21.

For kandidatar med ekstern arbeidsgjevar skal tilsvarande meldeplikt og rettar til bruk av resultat, nedfellast i avtale mellom Nord universitet ved fakultetet, kandidaten og den eksterne arbeidsgjevaren.

For ph.d.-kandidatar utan arbeidsgjevar, skal tilsvarande meldeplikt nedfellast i opptaksavtalen mellom Nord universitet ved fakultet og kandidaten.

### **§ 12-3. Opphavs-, patent- og andre immaterielle rettar (Intellectual Property Rights; IPR)**

Det som går fram i det følgjande, kan ikkje forståast i strid med åndsverklova 15. juni 2018 nr. 40 eller forskriftene i henne.

Om kandidaten er eineforfattar av ph.d.-avhandlinga, har vedkomande åleine opphavsretten til verket.

Artiklar eller andre bidrag skrivne av fleire utan at det er mogleg å skilje den einskilde sine bidrag ut som egne verk, vil vere fellesverk. For slike artiklar har forfattarane i fellesskap opphavsrett.

Om kandidaten i samband med ph.d.-prosjektet gjer ei patenterbar oppfinning, skal skriftleg melding om oppfinninga gjevast til universitetet utan unødig opphald, i samsvar med § 5 i arbeidstakeroppfinningslova, om retten til oppfinningar som er gjorde av arbeidstakarar. Etter § 4, jf. § 6, 1. og 2. ledd i same lova, har universitetet rett til å krevje retten til oppfinninga overført til seg. Er oppfinninga skapt i samarbeid med rettleiar, skal kandidat og rettleiar saman fastsetje sine respektive delar i den patenterbare oppfinninga.

Kandidaten har likevel rett til å publisere oppfinninga på dei vilkåra som går fram av arbeidstakeroppfinningslovens § 6, 3. ledd. Publiseringsretten gjeld tilsvarande for rettleiaren, om oppfinninga er gjort i fellesskap og retten til kandidaten eller tredjepart ikkje er til hinder for det.

Det kan ikkje leggjast restriksjonar på offentleggjering og publisering av ei ph.d.-avhandling, med unntak av ei førehandsavtalt utsetjing, for at ein eventuell ekstern part kan ta stilling til patentering.

Ved offentleggjering eller publisering av avhandlinga skal normalt Nord universitet krediterast om universitetet har gjeve eit naudsynt og vesentleg bidrag til eller grunnlag for kandidaten sin medverknad til det offentleggjorde eller publiserte arbeidet. Det same gjeld for ekstern part, om også denne har gjeve eit naudsynt og vesentleg bidrag. Om kandidaten er tilsett ved Nord universitet eller ekstern part under utføringa av forskingsarbeidet, reknast dette som eit naudsynt og vesentleg bidrag. Også andre institusjonar/verksemder kan reknast å ha gjeve slike bidrag.

## **Del IV. Fullføring**

### **§ 13. Innlevering og søknad om vurdering**

#### **§ 13-1. Grunnlag for vurdering**

Krava for å tildele den vitskaplege doktorgraden går fram av § 3-2.

Søknad om vurdering skjer ved innlevering av vitskapleg avhandling, jf. § 13-2.

Det er hovudrettleiar sitt ansvar å gjere ansvarleg eining ved fakultetet merksam på at innlevering eller søknad om vurdering er nært komande, slik at naudsynte førebuingar kan setjast i verk.

### **§ 13-2. Innlevering av avhandlinga**

Søknad om å få avhandlinga vurdert kan først leverast når opplæringsdelen er godkjend.

Eit innlevert arbeid kan ikkje trekkjast tilbake før det er endeleg avgjort om det er verdig til å forsvarast for ph.d.-graden. Avhandlinga vil bli vurdert slik ho er levert inn.

Søknaden skal ha følgjande vedlegg:

- Avhandlinga i godkjend form, og i samsvar med Nord universitet sine føresegner i den forma og det talet på eksemplar som fakultetet har bestemt, og i samsvar med utfyllande retningslinjer for doktorgradsprogrammet.
- Dokumentasjon av godkjend opplæringsdel.
- Dokumentasjon av naudsynte løyve, jf. § 6-2.
- Medforfattareklæringar der dette er påkravd i samsvar med § 11-2.
- Erklæring om avhandlinga leverast inn til vurdering for første eller andre gong.
- Erklæring om at avhandlinga, eller delar av henne, ikkje er levert inn til vurdering ved annan institusjon.

Avhandlinga skal leverast elektronisk i innleveringsportalen til Nord.

Fakultetet må syte for at tida frå innlevering av avhandling til disputas er kortast mogleg, normalt ikkje lenger enn fem (5) månader.

### **§ 13-3. Behandling av søknaden**

Fakultetet behandlar søknad om å få avhandlinga vurdert. Søknad som ikkje fyller krava i § 13-2 skal avvisast.

Fakultetet kan på sjølvstendig grunnlag avvise søknad om å få avhandlinga vurdert om det er openbart at avhandlinga ikkje held høg nok vitenskapleg kvalitet og vil bli underkjend av ein komite.

### **§ 14. Oppnemning av vurderingskomite**

Når fakultetet har godkjent søknad om å få den vitenskaplege avhandlinga vurdert, oppnemnast ein sakkunnig komite på minst tre medlemmer som skal vurdere avhandlinga, samt prøveforelesing og disputas om avhandlinga blir funnen verdig for forsvar. Habilitetsreglane i § 6, andre ledd i forvaltningslova gjeld for medlemene i vurderingskomiteen.

Vurderingskomiteen skal normalt setjast saman slik at:

- begge kjønn er representerte
- minst ein av medlemene er utan tilknytning til Nord universitet
- minst ein av medlemene ikkje har hovudstilling ved norske institusjonar
- alle medlemene har doktorgrad eller tilsvarende kompetanse innan relevant fagområde
- fleirtalet i vurderingskomiteen er eksterne medlemmer.

Om ein fråvik kriteria, skal dette grunngjevast særskilt.

Fakultetet fastset prosedyre for oppnemning. Samansetjinga av komiteen skal grunngjevast og vise korleis han samla dekkjer fagfeltet til doktorgradsarbeidet. Fakultetet peikar ut ein koordinator blant medlemene i komiteen eller i tillegg til medlemene i komiteen.

Utpeika rettleiarar og andre som har bidrege til avhandlinga, kan ikkje vere medlemmer av vurderingskomiteen eller koordinere han.

Fakultetet kan, når det er påkravd, nemne opp eit setjemedlem til vurderingskomiteen.

Kandidaten skal underrettast om framlegget til samansetjing av komite og har høve til å levere inn skriftlege merknader, seinast ei veke etter at framlegget til samansetjing er gjort kjent for kandidaten.

## **§ 15. Arbeidet til vurderingskomiteen**

### **§ 15-1. Innhenting av supplerande opplysningar**

Vurderingskomiteen kan be om innsyn i grunnlagsmaterialet til kandidaten og utfyllande eller oppklarande tilleggsinformasjon.

Hovudrettleiar har, på oppmoding, plikt til å gjere greie for rettleiinga og arbeidet med avhandlinga.

Vurderingskomiteen skal få send til seg ph.d.-forskrifta til universitetet med utfyllande retningslinjer for den aktuelle doktorgraden, og eventuelle retningslinjer for vurdering av doktorgraden.

### **§ 15-2. Retting av formelle feil i avhandlinga**

Kandidaten kan etter innlevering søke fakultetet om løyve til å rette formelle feil. Søknaden skal ha vedlagd ei fullstendig oversikt over dei feila (errata) som ønskast retta. Fakultetet fastset frist for søknad om retting av formelle feil. Fristen må vere før komiteen sin frist for avlevering av innstilling. Errata-lista sendast over til komiteen. Retting av feil kan berre skjje ein gong.

### **§ 15-3. Innstillinga frå vurderingskomiteen**

Vurderingskomiteen gjev frå seg ei grunngeven innstilling om kor vidt avhandlinga er verdig til å forsvarast for doktorgraden. Alle delar av den innleverte eller framviste dokumentasjonen skal omtalast ut frå kriteria i § 11-1. Innstillinga bør ha ei drøftande form og avsluttast med ein klår konklusjon om resultatet skal godkjennast eller ikkje. Eventuelle dissensar eller individuelle utsegner skal inngå i innstillinga, og dei skal vere grunngevene.

Innstillinga til vurderingskomiteen skal liggje føre seinast innan tre (3) månader etter at komiteen har fått alle delar av avhandlinga til vurdering. Om komiteen tillet mindre omarbeiding av den vitskaplege avhandlinga, jf. § 15-4, tek ny frist til å gjelde frå den datoen avhandlinga leverast på nytt.

Om komiteen finn at djuptgripande endringar som gjeld teori, problemstillingar, hypotese, materiale eller metode er naudsynte for at arbeidet skal kunne tilrådest til disputas, skal komiteen underkjenne avhandlinga, jf. § 15-5.

Innstillinga til vurderingskomiteen sendast over til fakultetet som legg denne fram for kandidaten. Kandidaten gjevast ein frist på ti (10) arbeidsdagar til å fremje skriftlege merknader til innstillinga. Om kandidaten ikkje ønskjer å fremje merknader, skal fakultetet snarast få skriftleg melding om dette.

Kandidaten sine eventuelle merknader skal sendast fakultetet. Fakultetet gjer vedtak i saka, jf. § 16-1 og § 16-2.

### **§ 15-4. Omarbeiding av innlevert avhandling**

Vurderingskomiteen kan på grunnlag av innlevert avhandling og eventuelt tilleggsmateriale rå til at fakultetet gjev løyve til mindre omarbeiding før endeleg innstilling ligg føre. Komiteen skal i skriftleg form gje ei konkret oversikt over kva kandidaten må omarbeide.

Tillett institusjonen ei mindre omarbeiding av avhandlinga, skal det gjevast ein frist som normalt ikkje er lenger enn tre (3) månader. Det skal også fastsetjast ein ny frist for oversending av den endelege innstillinga frå komiteen. Fakultetet sitt vedtak etter denne paragrafen kan ikkje påklagast av ph.d.-kandidaten.

### **§ 15-5. Ny innlevering**

Ei vitenskapleg avhandling som ikkje er funnen verdig til forsvar, kan vurderast i omarbeidd utgåve først seks (6) månader etter at fakultetet har gjort vedtaket sitt.

Fakultetet peikar då ut ein ny vurderingskomitee der minst ein medlem frå den opphavlege komiteen bør peikast ut på nytt. Ny vurdering kan berre skje éin gong.

Kandidaten skal ved ny søknad om vurdering opplyse om at arbeidet tidlegare har vore vurdert, og ikkje blitt funne verdig til å forsvarast, jf. § 13-2.

## **§ 16. Fakultetet si behandling av innstillinga frå vurderingskomiteen**

### **§ 16-1. Fakultetet si behandling av samrøystes innstilling**

Om komiteen legg fram ei samrøystes innstilling og fakultetet legg denne til grunn for behandlinga si, gjer fakultetet sjølv vedtak i samsvar med den samrøystes innstillinga.

Om fakultetet finn at det ligg føre grunngeven tvil om kor vidt den samrøystes innstillinga frå komiteen skal leggjast til grunn, skal fakultetet sjølv søkje nærmare avklaring frå vurderingskomiteen og/eller nemne opp to nye sakkunnige som gjev frå seg individuelle fråsegner om avhandlinga. Slike tilleggsfråsegner eller individuelle fråsegner skal leggjast fram for kandidaten, som får høve til å kome med merknader innan 10 dagar.

Fakultetet gjer vedtak i saka på grunnlag av innstillinga frå vurderingskomiteen og fråsegnene som er henta inn.

### **§ 16-2. Fakultetet si behandling av delt innstilling**

Om komiteen gjev frå seg delt innstilling og fakultetet vel å leggje fråsegnene frå fleirtalet til grunn for vedtaket sitt, fattar fakultetet vedtak i samsvar med innstillinga til fleirtalet.

Om komiteen gjev frå seg delt innstilling og fakultetet vurderer å leggje utsegnene til mindretallet til grunn for vedtaket sitt, skal fakultetet søkje nærmare avklaring frå vurderingskomiteen og eventuelt nemne opp to nye sakkunnige som gjev frå seg individuelle fråsegner om avhandlinga. Slike tilleggsutsegner eller individuelle utsegner skal leggjast føre kandidaten som får høve til å kome med merknader. Om begge dei nye sakkunnige sluttar seg til innstillinga frå fleirtalet i den opphavlege innstillinga, skal denne innstillinga følgjast.

Dei nye sakkunnige fråtrer ved usemje eller om begge stør mindretalet. Då set fakultetet ned ein ny komite som kan godkjenne eller forkaste avhandlinga med simpelt fleirtal.

Kandidaten skal underrettast om utfallet etter behandling av utsegner frå nye sakkunnige.

## **§ 17. Offentleggjing av avhandlinga**

### **§ 17-1. Krav til den trykte avhandlinga**

Når avhandlinga er funnen verdig til å forsvarast, syter fakultetet for trykk av avhandlinga i godkjent format i samsvar med føresegnene til Nord universitet.

Ph.d.-kandidaten skal utarbeide eit kortfatta samandrag av avhandlinga på engelsk og norsk, med sikte på å gjere avhandlinga og resultatet til denne kjent for forskingsmiljø i inn- og utland. Om avhandlinga korkje er skriven på engelsk eller norsk, skal det i tillegg leverast eit samandrag på språket avhandlinga er på. Samandraget skal følgje avhandlinga, og til liks med sjølve avhandlinga, publiserast offentleg.

### **§ 17-2. Offentleg tilgang før disputas**

Avhandlinga skal vere offentleg tilgjengeleg seinast to (2) veker før dato for offentleg forsvar. Avhandlinga gjerast tilgjengeleg i den forma ho vart innlevert til vurdering, eventuelt etter omarbeiding på grunnlag av komiteen sine førebelse kommentarar, jf. § 15-4, og retting av formelle feil (errata), jf. § 15-2.

### **§ 17-3. Publisering av avhandlingar**

Det kan ikkje leggjast restriksjonar på publisering av den vitskaplege avhandlinga med unntak av ei på førehand avtalt utsetjing av datoen for offentliggjing.

Førehandsavtalt utsetjing av offentliggjing må haldast innanfor ein periode på maksimalt to år etter disputas. Slik utsetjing kan skje for at Nord universitet og eventuelt ekstern part som heilt eller delvis har finansiert doktorgradsutdanninga, skal kunne ta stilling til eventuell patentering eller liknande, jf. § 12-3.

Ekstern part kan ikkje stille krav om at heile eller delar av ph.d.-avhandlinga ikkje skal kunne offentliggjerast, jf. § 6-4.

Publiserte delar av ph.d.-avhandlinga frå Nord universitet skal som hovudregel bli gjort opne tilgjengelege, enten via publisering i tidsskrift med open tilgang eller i kunnskapsarkivet til Nord universitet.

Upubliserte delar av avhandlinga skal gjerast opne tilgjengelege seinast to år etter disputas og upubliserte monografiar seinast fire år etter disputas. Alle delar av ei avhandling skal vere opne tilgjengelege seinast innan fem år etter disputas.

Ved publisering eller offentliggjøring skal kandidatar følgje gjeldande retningslinjer for kreditering av institusjonar. Hovudregelen er at ein institusjon skal gjevast opp om han har gjeve eit naudsynt og vesentleg bidrag til eller grunnlag for det offentliggjorde arbeidet. Også andre institusjonar skal gjevast opp om desse i kvart enkelt tilfelle tilfredsstillar kravet til medverknad.

## § 18. Doktorgradsprøve

### § 18-1. Prøveforelesing

Etter at avhandlinga er levert inn til vurdering skal ph.d.-kandidaten prøveforelese. Prøveforelesinga er ein sjølvstendig del av doktorgradsprøven og skal vere over oppgjeve emne. Meininga er å prøve kandidaten si evne til å tileigne seg kunnskapar utover tema for avhandlinga og evna til å formidle kunnskap i ein forelesingssituasjon.

Vurderingskomiteen bestemmer tittel for prøveforelesinga.

Tittel for prøven kunngjerast for kandidaten ti (10) arbeidsdagar før forelesinga.

Emnet for forelesinga skal ikkje stå i direkte samband med temaet for doktorgradsarbeidet og skal utfordre kandidaten til å drøfte aspekt som peikar utover avhandlinga.

Prøveforelesinga skal skje på avhandlingsspråket med mindre fakultetet godkjenner eit anna språk.

Vurderingskomiteen avgjer om prøveforelesinga er bestått eller ikkje bestått. Det skal grunnjevast om prøveforelesinga vurderast til ikkje bestått.

Prøveforelesinga skal vere bestått før disputas kan avhaldast.

### § 18-2. Offentleg forsvar av avhandlinga (disputas)

Offentleg forsvar av avhandlinga skal finne stad etter at prøveforelesinga er halden og godkjend, og innan to (2) månader etter at fakultetet har funne avhandlinga verdig til å forsvarast.

Tid og stad for det offentlege forsvaret skal kunngjerast minst ti (10) arbeidsdagar før det avhaldast.

Den komiteen som opphavleg har vurdert avhandlinga, vurderer også det offentlege forsvaret. Det offentlege forsvaret skjer på avhandlingsspråket med mindre fakultetet, etter framlegg frå vurderingskomiteen, godkjenner eit anna språk.

Det skal som hovudregel vere to opposentar. Dei to opposentane skal vere medlemmer av vurderingskomiteen og peikast ut av fakultetet.

Disputasen leiast av dekan eller den dekan gjev fullmakt til. Disputasleiar gjer greie for innlevering og vurdering av avhandlinga, og resultat av prøveforelesinga. Deretter gjer doktoranden greie for meininga med, og resultat av doktorgradsarbeidet. Førsteopponenten innleiar opposisjonen, andreopponenten avsluttar han. Det kan i utfyllande retningslinjer for doktorgradsprogrammet eventuelt fastsetjast ei anna oppgåvefordeling mellom opposentane og mellom doktoranden og førsteopponenten. Etter at begge opposentar har avslutta sin opposisjon, får dei andre som er til stades høve til å kommentere ex auditorio. Ein av opposentane avrundar opposisjonen, og disputasleiar avsluttar disputasen.

Vurderingskomiteen gjev frå seg innstilling til fakultetet der han gjer greie for korleis han har vurdert forsvaret av avhandlinga. Innstillinga skal konkludere med om disputasen er godkjend eller ikkje godkjend. Innstillinga skal grunnjevast om disputasen ikkje er tilrådd godkjend.



## **§ 19. Godkjenning av doktorgradsprøve**

Fakultetet gjer vedtak om godkjenning av doktorgradsprøva på bakgrunn av innstilling frå vurderingskomiteen.

Om vurderingskomiteen ikkje godkjenner prøveførelesinga, jf. § 18-1, må det haldast ny prøveførelesing. Ny prøveførelesing må haldast over nytt emne og ikkje seinare enn seks (6) månader etter første forsøk. Ny prøveførelesing over oppgjeve emne kan berre haldast éin gong. Ny prøve vurderast så vidt mogleg av den same komiteen som den opphavlege, om ikkje fakultetet har bestemt noko anna.

Om fakultetet vedtek, etter innstillinga frå vurderingskomiteen, ikkje å godkjenne disputasen, kan ph.d.-kandidaten forsvare avhandlinga på nytt éin gong. Ny disputas kan tidlegast haldast etter seks (6) månader og vurderast så vidt mogleg av den same komiteen som den opphavlege.

## **§ 20. Kreering og vitnemål**

### **§ 20-1. Kreering**

På grunnlag av fakultetet sitt vedtak om at opplæringsdelen og alle delar av doktorgradsprøva er godkjende, kreerast kandidaten til philosophiae doctor (ph.d.) av styret eller den styret gjev fullmakt.

### **§ 20-2. Vitnemål og diplom**

Vitnemål skrivast ut av Nord universitet. I vitnemålet skal det gjevast opplysningar om innhaldet i opplæringsdelen, dato og tittel for prøveførelesing, tittel på avhandling og dato for forsvar av denne. Universitetet fastset kva slags ytterlegare opplysningar som skal inngå i vitnemålet.

Nord universitet skal utferde vedlegg til vitnemål i tråd med gjeldande retningslinjer for Diploma Supplement. I tillegg til vitnemålet frå Nord universitet utferdast eit doktorgradsdiplom signert av rektor og dekan på fakultetet.

## **Del V. Fellesgrader og cotutelle-avtalar**

### **§ 21. Fellesgrader og cotutelle-avtalar**

#### **§ 21-1. Fellesgrader og cotutelle-avtalar**

Institusjonen kan inngå samarbeid med ein eller fleire norske eller utanlandske institusjonar om samarbeid i form av fellesgrader eller cotutelle-avtalar.

I avtalar om fellesgradssamarbeid og cotutelle kan det gjerast unntak for dei andre vilkåra i desse tilrådde retningslinjene, om det er naudsynt av omsyn til regelverket ved dei samarbeidande institusjonane. Slike unntak skal, både enkeltvis og samla, framstå som fullt ut forsvarelege.

#### **§ 21-2. Fellesgrader**

Med fellesgrader meiner vi eit samarbeid mellom fleire institusjonar der alle i fellesskap har ansvar for opptak, rettleiing, gradstildeling og anna som er skildra i forskrifta. Samarbeidet organiserast normalt i eit konsortium og regulerast i avtale mellom konsortiedeltakarane.

For fullført fellesgrad utferdast felles vitnemål i form av:

- a. eit vitnemålsdokument utferda av alle konsortiemedlemene,
- b. eit vitnemål frå kvar av konsortiedeltakarane, eller ein kombinasjon av a og b.

Fellesgrader skal ein normalt berre inngå om det frå før av er eit etablert, stabilt fagleg samarbeid mellom Nord universitet og minst ein av dei andre konsortiedeltakarane. Styret vedtek nærmare retningslinjer for fellesgradssamarbeid, under dette mal for samarbeidsavtalar.

### **§ 21-3. Cotutelle-avtalar**

Med *cotutelle-avtalar* meiner vi sams rettleiing av kandidatar og samarbeid om utdanning av kandidatar. Cotutelle-avtalen blir inngått for kvar einskild kandidat og bør byggje på eit stabilt, fagleg institusjonelt samarbeid.

### **§ 21-4. Krav ved fellesgrader og cotutelle**

Kvalifikasjonskrav for opptak, krav om at avhandlinga skal vere offentleg tilgjengeleg, krav om offentleg disputas med ein habil vurderingskomite kan ikkje fråvikast.

## **Del VI. Klage, ikraftsetjing og overgangsvilkår**

### **§ 22. Klage**

#### **§ 22-1. Klage over avslag på søknad om opptak, vedtak om stans av studierett, klage over avslag på søknad om godkjenning av element i opplæringsdelen**

Avslag på søknad om opptak, vedtak om stans av studierett og avslag på søknad om godkjenning av element i opplæringsdelen, kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova om klage på enkeltvedtak.

Grunngjeven klage sendast fakultetet. Om avslaget blir oppretthalde, sendast klagen utan ugrunna opphald til Klagenemnda ved Nord universitet.

#### **§ 22-2. Klage over eksamen i opplæringsdelen**

For klage over sensurresultat for eksamenar avlagde i opplæringsdelen gjeld vilkåra om sensurklage i lov om universiteter og høyskoler.

For klage over formelle feil ved eksamenar avlagde i opplæringsdelen gjeld vilkåra om klage over formelle feil i lov om universiteter og høyskoler.

### **§ 22-3. Klage over avslag på søknad om vurdering, ikkje godkjend vitenskapleg avhandling, prøveforelesing eller forsvar**

Avslag på søknad om å få avhandlinga vurdert og underkjenning av avhandling, prøveforelesing eller forsvar kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova om klage på enkeltvedtak. Grunngeven klage sendast fakultetet.

Ved klage på ikkje godkjent vitenskapleg avhandling, prøveforelesing eller forsvar kan fakultetet, etter at klagen først er lagd fram for vurderingskomiteen som har gjeve frå seg innstilling, jf. § 18-2, oppheve eller endre vedtaket om det finn klagen grunngeven. Om ikkje fakultetet tek klagen til følgje, sendast han til klagenemnda ved Nord universitet. Klagenemnda kan prøve alle sider ved det påklaga vedtaket.

Om fakultetet eller klagenemnda finn grunn til det, kan det oppnemnst enkeltpersonar eller eit utval til å gjere ei vurdering av vurderinga og dei kriteria denne byggjer på eller til å gjere ei ny eller supplerande sakkunnig vurdering.

### **§ 23. Ikraftsetjing**

Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet tek til å gjelde frå og med 1. januar 2021. Samstundes opphevast forskrift 6. januar 2016 nr. 10 for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet.

### **§ 24. Overgangsreglar**

Dei kandidatane som har fått innvilga opptak og har starta på studia sine før 31. desember 2020, beheld dei rettane som følgjer av forskrift 6. januar 2016 nr. 10 for graden ph.d. ved Nord universitet med dei tilhøyrande retningslinjene som gjaldt for deira studium, fram til 31. desember 2021. Deretter skal dei følgje forskrift 16. desember 2020 nr. 3215 for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet. Kandidatar kan likevel velje å følgje den nye forskrifta før den tid. Slik overgang må gjerast innan seks (6) månader etter at forskrift 16. desember 2020 nr. 3215 for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet tek til å gjelde.

Uavhengig av føresegnene i første ledd, gjeld følgjande for alle kandidatar opptekne i eit doktorgradsprogram ved Nord universitet per 1. januar 2021:

§ 15 (Arbeidet til vurderingskomiteen) gjeld for alle kandidatar som leverer inn avhandlinga frå og med 1. januar 2021

§ 17-3 (Publisering av avhandlingar) tredje og fjerde ledd om krav til open tilgang gjeld for alle kandidatar som leverer inn avhandlinga frå og med 1. januar 2021.